NATIONEN MENER · TORSDAG 17·09·09

# Snøskuterloven må være rettferdig

**Snøskuterkjøring** i utmark er et omstridt tema. Frilufts- og naturvernkrefter vil ha strenge begrensninger. Næringsinteresser og kjøreglade skutereiere ønsker større frihet både for nytte- og hyggekjøring. Begge parter er høylydt representert i kommunene. Den skarpeste striden står likevel mellom sentral styring og lokal forvaltning.

**Det har lenge** vært arbeidet med ny lovgivning for snøskuterkjøring. Miljøverndepartementet ønsker å begrense omfanget av motorferdsel i utmark. Norsk institutt for Naturforskning (NINA) og Direktoratet for naturforvaltning (NINA) er viktige premissleverandører i dette arbeidet. Denne uka gikk snøskuterlobbyen, med blant andre Snøskuterimportørenes forening, til angrep på DN. Snøskuterinteressene hevder at DN bevisst underslår forskningsresultater fra NINA som viser at lokalforvaltning av skuterkjøring har positive følger for både vern og kjørekultur.

**I 2005 evaluerte** NINA det såkalte Motorferdselprosjektet, der utvalgte kommuner fikk styre skutertrafikken selv. NINA fant blant annet mindre kjøring i sårbare naturområder, mer bruk av tilrettelagte skuterløyper, færre ulykker og økt demokrati. Ifølge snøskuterlobbyen er dette positive fakta som DN har valgt å underslå i sitt lovforslag.

**Hvis DN holder** tilbake fakta, vil dette svekke tilliten og øke motsetningene i striden om snøskuterkjøring. Mange opplever allerede at vernefolka stort sett sitter i byene, uten forutsetning for å forstå hvor viktig skuterne kan være for lokalbefolkning. Avgrunnen mellom by og distrikt graves dyp og dyster.

**I denne situasjonen** er tillit avgjørende. Alle må kunne stole på at det gjøres et faktabasert, grundig og åpent arbeide. Lovgiverne må legge vekt på nasjonale og lange perspektiver. Miljøpolitikk kan ikke styres av kommersielle og individuelle interesser. Men hvis lover blir tredd nedover hodet på folk, uten at de berørte parter blir lyttet til, skapes ondt blod. Og respekten for lov og orden svekkes. Derfor er det mer enn stillhet i skogen og vern av vidda og som står på spill i arbeidet med ny lov om snøskuterkjøring.

### Oppsummert

**Tillit**
**1** Alle må kunne stole på at politiske prosesser er faktabaserte, grundige og åpne.

**Svekket**
**2** Tilliten mellom by og bygd i viktige verne- og miljøspørsmål er allerede tynnslitt.

**Alvorlig**
**3** Hvis det viser seg at miljøbyråkratiet holder tilbake fakta, betyr dette ondt blod i konflikten.

## SAGT av andre



**Risiko:** Siv Jensen som statsminister. FOTO: SCANPIX

**Tøffe velgere**
✱ «Partileder Siv Jensen mener Fremskrittspartiet har «landets tøffeste velgere». De risikerte til og med å gjøre Jensen til statsminister.»
**Tøff leder i Dagens Næringsliv.**

**Ny flokk**
✱ «Det blir rart å erstatte dere med sauene mine, men jeg skal nok klare det».
**Lars Sponheims avskjedshilsen til alle journalistene som flokket seg rundt ham på tirsdagens pressekonferanse.**

**Nr. 2**
✱ «Vi har kjørt en valgkamp i Akershus som har vært nest mest synlig».
**Nyvalgt KrF-representant Knut Arild Hareide erkjenner i Aftenposten at han ikke kunne hamle opp med Venstres Abid Raja.**

**På sparket**
✱ «Hans Kristian Amundsen har gjort en glimrende PR-jobb for de rødgrønne gjennom sine ledere i Nordlys. Ukritisk hyllest til de rødgrønne og ditto nedsabling av borgerlig side gjør han til den perfekte propagandaministeren dersom Jens finner ut at han vil ha et propagandadepartement.»
**Nordlys-leser Tor Are Vaskinn tar avisas utfordring om å foreslå nordnorske statsrådskandidater på strak arm.**

**Prestasjon**
✱ «Passasjeren med bar rumpe hadde hasj i bukselomma.»
**Ulogisk tildragelse i Rjukan, ifølge Telemarksavisa.**

pressens faglige utvalg PFU

Nationen arbeider etter Vær varsom-plaktens regler for god presseskikk. Den som mener seg rammet av urettmessig avisomtale bes ta kontakt med redaksjonen. Pressens Faglige Utvalg (PFU) er et klageorgan som behandler klager mot pressen i presseetiske spørsmål. PFU holder til i Oslo, tlf: 22 40 50 40. Epost: pfu@presse.no

# Ein kreditnota i Vermont

DAGENS GJEST



**Bjørn Egil Flø**
Forskar ved Norsk senter for bygdeforskning

**Eg har ein kreditnota** i Vermont, nærare bestemt i småbyen Dummerston, sør i denne lønnetredekte delstaten der alt anna enn språket og landskapet minner deg meir om Skandinavia enn om USA. Ikkje berre finn du Abbas sursild, Jarlsberg og geitost her, du finn også særeigne aspekt i den sosiale veremåten som gjev deg ei intuitiv kjensle av noko heimsleg.

**Klokka var snart** koma til ti om kvelden då telefonen ringde. Eg fekk eit inntrykk av at kompisen min viste kva det galdt alt før han tok telefonen. Konversasjonen var kort og grei, det einaste eg høyrde han seie var; «OK..., Fine ... See you tomorrow then..., «Barn rising tomorrow» sa han då han sette seg ved bordet att. «Do you care to join us?» «Barn rising?» spurte eg, og røpte at eg ikkje skjønte kva han snakka om. «Dugnad» sa han, på nesten perfekt norsk, og fortalte meg om ein dugnadskultur du skal leite lenge etter for å finne maken til.

**Då han kom** til lokalsamfunnet her fyrst på 2000-talet, kjøpte han eit lite småbruk og starta restaureringa av bygningsmassen på bruket omgåande. Ein formidabel jobb som kosta både tid og pengar, særleg det siste var ikkje noko studenten og frivilligheitsarbeidaren hadde for mykje av. Då det kom til låven var den i rettleg dårleg forfatning, einaste løysinga var å rive den og bygge opp ein ny på tomta etter den gamle. Som den typiske «nyrurale middelklassesnobben» han er, bygde han sjølvsagt låven på tradisjonelt vis som ein slags «ferdiglåve» med delar som låg klart til røysing i ein operasjon. Den dagen låven skulle røysast var det berre å kalle inn til «barn rising» og eit arbeidslag på godt og vel 30 personar frå lokalsamfunnet møtte. I løpet av berre få dagar var låven oppe. Kompisen min hevdar knallhardt at han ikkje hadde greidd å realisere røysinga utan dugnadshjelpa.

**Det er no snart** fem år sidan låven og det meste av det andre restaureringsarbeidet var ferdig. Totalgjelda i banken kom på nær 120.000 dollar, ei gjeld han enno betalte på, kunne han fortelje. «Og dugnadsgjelda betalar du også på?» spurte eg. «Nei da» sa han, «den er betalt». Sidan han kom der og fram til no har han jamleg delteke på tilsvarande dugnadar, to eller tre større dugnadar i året er vanleg fortel han. «No sparar eg kredit, eg skal nemleg opp med nytt sukkerhus før lønnesirupkokinga startar neste haust.»

**Dei har nok lest** sin Putnam i Dummerston. Dei ser ut til å kjenne verdien av sosial kapital, omgrepet som den verdskjente statsvitaren Robert Putnam greidde å løfte heilt inn i det ovale rom. Dei veit at sosial kapital kan vere vel så viktig som både finanskapital, realkapital og humankapital. Dei veit at gjer du ein mann ei beine og stolar på at han gjengjeldar beina, har du etablert ein situasjon av forventing og forplikting. Du har skaffa deg ein kreditnota på handteneste. Har du nok slike kan du ein dag krevje dei inn, du kan ein dag gjere som sosiologen James Coleman seier «... realisere noko du ikkje hadde greidd å realisert utan.»

**«Are you from Norway?»** sa Nancy, ho var nett vorten enke og fekk dugnadshjelp til å reparere vêrveggen før vinteren, «How can I pay you back?» Eg greidde ikkje anna enn å kome opp med Olav H. Hauge sine ord «So gjer ein annan mann ei beine då». Samstundes slo det meg at det er meir enn pliktkjensle, sanksjonsfrykt og eigeninteressa i å ein dag kunne innkassere kreditnotaen som utgjer grunnlaget for den sosiale kapitalen. Ein treng ikkje alltid lukka sosiale strukturar og tette nettverk for å gjere folk ei teneste. Somme tider er kjensla av å gjere ei god gjerning nok.

**DEN GODE KAPITALIST**
«Sosial kapital kan vere vel så viktig som både finanskapital, realkapital og humankapital.»

NATIONEN
www.nationen.no

**Sjefredaktør/daglig leder:** Mari Velsand, Direktenummer: 21 31 00 40, mari.velsand@nationen.no

**Nyhetsredaktør:** Georg Mathisen, Direktenummer: 21 31 00 67, georg.mathisen@nationen.no

**Politisk redaktør:** Pernille Huseby, Direktenummer: 21 31 00 45, pernille.huseby@nationen.no

**Markeds- og forretningssjef:** Victoria C. Schultz, Direktenummer: 21 31 44 41, victoria.schultz@nationen.no